

Kyrkjeblad for Vestre Slidre




Kimer i klokker

Kim, alle klokker, ja, kim nå før dag i det dunkle!
Tindre, Guds stjerner, som englenes øyne kan funkle!
Fred kom til jord,
himmelens fred med Guds Ord!
Æren er Guds i det høye!

Julen er kommet med solhverv for hjertene bange,
jul, med Guds barnet i svøp under englenes sange,
kommer fra Gud,
bringer oss glederikt bud.
Æren er Guds i det høye!

Kom, la oss synge og leke og klappe i hender,
menneskebarn til de ytterste jorderiks ender!
Født er i dag
barnet til Guds velbehag.
Æren er Guds i det høye!



Juleandakt 2018

Det var mye mørke som omgav Jesu fødsel.

Et folk var okkupert av en fremmed hersker, ei ung mor som ennå ikke var gift, ei lang reise like før fødselen, og natt over stallen der barnet ble født.

Fødselsfortellingen skinner likevel som en dyrebar skatt og er noe som mennesker fester sitt håp og sin tro til.



Julebudskapet vil oss noe! Det vil ha oss til å stole på at nåde og sannhet finnes. Det vil at vi skal lite på at det finnes en Gud, en kraft som aldri gir opp kampen for det gode. Som ikke gir opp troen på kjærlighetens muligheter.

Det barneansiktet som lyste mot Maria og Josef er fremdeles tegn på at Guds lys er kommet nær oss og at mørket ikke kan overvinne Kristi lys. Hans kjærlige lys holder oss fast i sannhet, trøst og håp.



Det som ble til i ham, var liv, og livet var menneskenes lys.

Forunderlig og vakkert formidles det store og sanne i at lyset skinner i mørket og at mørket ikke har overvunnet det. Det sanne lys som lyser for hvert menneske, er kommet til verden. Full av nåde og sannhet. Og fred.

Dette er en julefred uten virkelighetsflukt. En jul der vi tenner våre lys i trassig tro på det sanne lyset. Lyset som gir oss mot til å kjempe og aldri slutte å stå opp for det som er rett og godt.

En velsignet julehøytid!

BISKOP SOLVEIG FISKE



Julestjerna

Det er mange former for stjerne, ho kjem med ulike antal spissar – fire, fem, seks og åtte – og med ulik symbolikk. Her konsentrerer vi oss om den typen som har ein lang spiss som peikar ned. Den er den vanlegaste – og har sin grunn i dette: For dei vise menn skulle ho ikkje berre vera eit vink om og bevis på barnet som var fødd. Ho skulle og vise veg – til Betlehem og til stallen.

Andret verset av julesalmen «Fager er den himmel blå» skildrar denne hendinga så vakkert:

*Det var midt i jolenatt.
kvar ei stjerna blinka radt,
men med eitt på himmelboge
stråla det så bjart ein loge
som ei liti stjernesol, som ei liti stjernesol.*

Kyrkjeklokkeseminar

Dette er eit innlegg eg hadde på nasjonalt seminar for kyrkjeklokker i Valdres i mai i år:

Eg heiter Odd Kolbjørnshus og har vore ringar i Slidredomen i over ein mannsalder. No er eg kyrjetenar der. Eg vil fortelja litt frå arbeidskvardagen min, og dele nokre erfaringar og opplevingar eg har hatt som ringar i Slidre - domen.

Slidredomen er ei over 800 år gammal steinkyrkje, vigsla til jomfru Maria, altso ei Mariakyrkje. Ho har vore hovudkyrkja for Valdres.

Det skal frå gamalt, ha vore «12 med-hinanden-harmonererende-klokker» i Slidredomen – noko spesielt – for ei kyrkje langt oppi ein fjelldal!!

I den minste klokka i stupulen, ho er stor den og, er det ein spesiell, fin klang. Sagnet seier det skal vera noko hallingsylv i ho. På den tida då ho vart støypt, var det ein skreppekar frå Hallingdal som vart rana og sylvet hans vart smelta i klokka, seiest det.

Det er no i alt 6 klokker i Slidredomen – fire middelalderklokker i tårnet i kyrkja – og to store klokker i stupulen. Det er to faste ringarar og ein kyrjetenar i Slidredomen. Grunnen til det er at stupulen ligg på ein haug ca.100m frå kyrkja. Ein mann kan derfor ikkje vera både ringar og kyrjetenar.

Det er dei to store klokkene i stupulen som blir brukte til vanleg. Dei fire middelalderklokkekene i tårnet blir berre brukte i spesielle høve, som innringing av høgtider som jul, påske og pinse, og då ringer vi med alle seks klokkene.

Ei påske vi ringde, vart brått lyden i den eine klokka i tårnet mykje svakare, og vi fann ut at det måtte ha vorte ein sprekk i ho.

Vå kontakta Nauen klokkestøyperi, og dei ville sjå på ho.

Vi fekk ned klokka, og eg frakta ho til Nauen der dei undersøkte ho og fann ut at dei ville sende ho til Tyskland for å få ho reparert.

Klokka vart reparert og kom på plass att, men frå Nauen fekk vi formaning om å ta godt vare på desse fire klokkene i tårnet, for dei var gamle og verdifulle.

Tidlegare var det populært å vera med å ringe. Då særleg til jul! Då kunne det ofte møte opp 10–12 ungdomar for å prøve seg. Klokkene i stupulen er tunge å ringe, og det krev både trening og teknikk for å meistre dei.



No er det vanskeleg å skaffe nye ringarar og samle nok mannskap til å ringe inn høgtider, slik vi gjerne vil.

Gamlekaranane som lærde opp oss, hadde lært av generasjonen føre dei att, og dei var gjerne spelemenn og musikalske.

I Stupulen er det den største og tyngste klokka som skal bestemme farten. Den andre skal fylgja etter. Klokkene skal ringast i forskjellig høgde ettersom det er vanleg gudssteneste, høgtid eller gravferd.

I ein av bjølkane over største klokka, er det hogge inn merke for kor høgt klokka skal ringast ved forskjellige høve. Den andre klokka skal berre fylgja etter, i rett takt. Men om ho kjem for tett innpå slaga til storklokka, må ein berre ta i litt ekstra for å få ho i takt att. Men tek ein då litt for hardt i, kan ho lett gå heilt over, og då er det berre å sleppe tøget og la ho gå til ho stoppar av seg sjølv.

Etter ei gravferd ein gong kom det ein eldre kar burt til meg og spurde kost me greide å ringe slik! «Det er akkurat som klokkune gret,» sa han.

Eit godt kompliment å få.

For 5-6 år sidan slutta eg som ringar, då eg syntes det tok til å bli for tungt.

Men eg fortsette som kyrjetenar, med dei oppgåvane som hører til dette.

Men saknet etter samveret med klokkene var stort, og då vi fekk sett opp eit lite timbra hus heime, mest som eit stabbur, eller eit lite heilagt rom, som kona mi seier, laga vi eit klokketårn der.

Vi reiste til Nauen klokkestøyperi, såg og hørde på klokker, men kona mi som er bra musikalsk, syntest ikkje det var heilt rein tone i desse klokkene. Nei, dette var

gardsklokker, sa Nauen og dei er ikkje stemde, sa han. Skulle vi ha ei stemd klokke måtte vi over på ein annan kvalitet, og ei anna prisklasse, nemleg kyrkjeklokke!

Så fekk vi sjå og høyre på dei, og fall for ei fin klokke som skulle vera stemt i Ciss, men vi skulle tenkja litt på det til dagen etter. –

Eg tenkte på det heile natta, og dagen etter reiste eg på klokkestøyperiet att, og såg og høyrd på klokker. Då bestemte eg meg til sist for ei litt større klokke, som var stemt i C, og bestilte den med inskripsjon og dekor.

Etter eit par månader kom klokka på plass. No bruker vi ho rett som det er.

Eg har delvis prøvd meg med Angelus ringing. Då kan det ringast tre gonger om dagen, kl 8, kl 12 og kl 6 e.m.

Høgtidene vert og ringde inn, og nyttårseftan, når andre sender opp rakettar, ringer vi inn det nye året. Det har vi fått mange gode tilbakemeldingar på frå sambygdingar.

Bestefar min som var fødd i 1880, fortalte frå sin ungdom om ein gamal ringar i Slidredomen. Han var ein god spelemann, som då han slutta som ringar og høyrd på ringinga frå kyrkja, og det ikkje let akkurat som han meinte det



skulle vera, ja, då kom det nokre stygge grimaser over an-siktet hans.

No håpar eg det ikkje blir slik med meg, for no har eg mi eiga klokke å trøyste meg med. – Og den klokka er eg veldig sær for!

Dette var nokre erfaringar frå eit langt liv saman med kyrkjeklokken i Slidredomen.

Odd Kolbjørnshus

Jazz og jubelsang i kyrkja

Det svinga verkeleg under den høge takkvelven i Slidredomen då Vestre Slidre sanglag, Sør Aurdal koret og Caledonia Jazzband inviterte til ein musikalsk kveld laurdag 6.oktober.

Dette var sjette gongen koret med dirigent Jan Henrik Bakke arrangerte felleskonsert med dei sprudlande jazz-musikarane, og kyrkja var fylt av forventningsfulle tilhøyrarar.

Kor og band gav oss først kvar sin avdeling av konserten og avslutta så felles. Dei baude på ei salig blanding av sjangrar og språk: frå negro-spirituals til viser, rock og jazz,

frå STAUT til Duke Ellington, frå Henning Sommerto til Eric Clapton for å nevne noko.

Caledonia vert leia av Carl Petter Opsahl, som er prest i Kirkens bymisjon, og alle fem i bandet briljerte med sine ulike instrument og spreidde varme og glede i kyrjehrommet.

Fellesnummer som «When the saints ...» og «We shall overcome» skapte begeistring og jubelstemning, og avsluttinga med «What a wonderful world» vart både vakker og gripande. Takk til koret og jazzbandet for ein herleg laurdagskveld i kyrkja!



Ein open samtale om gudstenesta

Ein kveld i oktober hadde kirkestaben og sokneråda invitert folk i bygda inn til ein open samtale om høgmessa og korleis ho vert feira her i Vestre Slidre. For dei bortimot 20 personane som var samla i Plassen vart det ein interessant og fin kveld.

Ola Døhl leia kvelden og starta med eit historisk tilbakeblikk på dei først gudstenestene og korleis dei har utvikla seg fram til i dag. Gudstenesta har bestått og består av tre delar: lesing av tekstar og preike, måltidsfellesskapet og bønnene. Det har vore små og større endringar gjennom tidene; gudstenesta har vorte rikare, ikkje minst med all songen og musikken, som har kome til etter kvart. Kyrkja har også vorte meir og meir einheitleg – vi kjenner oss igjen frå kyrkje til kyrkje.

Mange vil at gudstenestene skal vere som dei var før. Fleire meinte at gudstenestene er vorte meir ortodokse, blitt meir slik dei var i katolsk tid, med m.a. meir tekstlesing og vanskelege ord, noko som ein meinte gjer liturgien vanskeleg tilgjengeleg. Og spørsmålet fleire stilte var kvifor gjere det så vanskeleg? Det blir så mykje å følgje med på at vi vert meir betraktarar enn deltakarar.

Temaet for kvelden var delt i tre der vi først skulle diskutere liturgien, så preika og til slutt salmane.

Ola hadde ei grundig innleiing til kvar del før vi diskuterte i grupper. Synspunkta og spørsmåla frå kvar gruppe vart så lagt fram i plenum, og Ola svarte og forklarte.

Liturgien

Når det gjaldt liturgien var m.a. spørsmålet: Kvifor bruker så vanskelege ord når vi har gode norske? Og er det nødvendig at det må seiast så mykje før sjølve nattverds-måltidet – nattverdsliturgien vert så lang? Og må det vere nattverd kvar gong det er messe? For mange er det vanskeleg og nesten litt skremmande å ta del i nattverdsmåltidet.

Det vart sagt at påskennattsmessa var storarta, både rart og flott, men at påskedagsmessa var det finaste.

Alle syntest det var fint med konfirmantane som ministrantar Dei er så engasjerte og gjer ein så flott jobb.

Ola fortalte at det ungdomen seier om høgmessa er at det er ikkje så gøy, at det er kjedeleg, men berre viss ein ikkje følgjer med. Og fleire av dei ønsker fleire oppgåver som ministrantar.

Dei syntest påskennattsmessa var den mest spennande, for då blir dei meir involverte i gudstenesten.

Ola sa at heilage handlingar, som nattverdsmåltidet høyrer med og har ein sentral plass i gudstenestene, og at alle tekstene og symbolrikdomen viser vørnad for det heilage. Det handlar mykje om mysteriet, og alt er ikkje til å forstå.

Preika

Ola sa at preika er det vanskelegaste. Tekstane ligg der, men tolkinga – kva betyr dei for oss i dag? Og konteksten kan endre seg – det kan skje noko som berører oss. Andre



spørsmål han må stille seg er: Kven skriv eg for? Kven kjem i dag?

Vi skal lære noko om trua, om Jesus – evangeliet om Jesus er sentralt.

Preika skal vere himmelvendt, men den må også vende seg mot det jordnære. Folk skal finne tru, håp, mening og trøst. Skriftene skal vekkjast til liv i oss: «Du traff meg med ditt ord».

«Jeg brenner, jeg vil noe og jeg elsker det jeg gjør,» sa Ola. Vi som har hørt han preike veit at det gjer han.

Og det var mange som hadde mykje fint å seie om preikene til Ola. Han er engasjert, både himmelvendt og jordnær – det er kanskje det jordnære som gir mange dei største opplevelingane.

Salmane

Are Alund fekk mykje ros for musikken. Song og musikk spelar ei stor rolle for dei fleste. Fleire meinte at salmar og musikk skaper tru, og mange vil ha dei gamle kjente salmane. Alle gruppene skulle skrive opp salmar dei ønskte skulle brukast. Ola sa at dei blir brukte, men kanskje ikkje den dagen vi er der. Dessutan bør vi vel lære oss nye salmar, det er så mykje fint i salmeboka, både nytt og gammalt.

Vi song salmane «Store Gud vi lover deg» og «Se, solens skjønne lys og prakt» – den eine meir kjent enn den andre, både lyse og glade, lette og likevel mektige – det er fint å syngje saman.

Kvelden var både interessant og hyggeleg, og det var ønske om fleire slike kveldar. Ei gruppe på tre fekk ansvaret for å førebu tema for neste møte.

Ola sa at det som hadde vore oppe denne kvelden, ville staben ta med når dei planlegg gudstenestene.

Vi viser elles til det staben skreiv om høgmessa i forrige nummer av kyrkjebladet.

Neste møte er allereie bestemt og det blir torsdag 10. januar kl. 18.30 til 21.00 i Plassen.

Tema for kvelden har overskrifta «Stjerna leia vise menn» og skal handle om 13. dag jul i eit pilegrimsperspektiv.

Brenn for formidling

Samtale med Trine Geicke Kolbjørnshus

Trine skal slutte som klokkar i Slidre. Dette markerer vi no i kyrkjebladet, med respekt for måten ho har skjøtta jobben sin på. I det koseleg innreiddé stabburet heime hjå henne, der kaffe og smultringar ventar, møtest vi til intervju i lune og trivelege omgivnader.

No vart dette ikkje akkurat noko intervju, heller ei interessant samtale, der intervjuaren fekk svar på mange av spørsmåla før dei vart stilte, og i ei anna rekkefylgle enn opprinneleg tenkt og meint, men det gjorde ingen ting, tvert i mot, det vart heller betre.

Vi byrjar med nokre fakta om Trine. Ho er lærarutdanna med mellomfag i norsk, og har arbeidd i både skule, barnehage og som kateket. Siste tida har ho vore tilsett som lærar ved vaksenopplæringa for flyktingar og hatt stillinga som klokkar i Slidre sokn sidan 2014, der ektemannen, Odd Kolbjørnshus, har vore kyrkjetenar. No går ho av med pensjon og takkar for seg.

«Det skal bli godt å få litt tid, vera i ro og finne ut av det; det er det eg ynskjer meg no framover,» seier ho. «Dersom eg framleis ville hatt det så travelt som no, kunne eg like godt halde fram med jobbane mine. Dessutan er det slik at når ein går av med AFP kan ein ikkje tene noko i tillegg.»

Fort blir det klart at det Trine brenn for er formidling, og samtalen vår samlar seg naturleg mykje om det. Ho har ein trong til å formidle, og det er tydeleg at det skrivne ordet betyr mykje for henne; tekster med mange botnar som ein kan lesa gong på gong og endå finne noko nytt i.

Oppgåva blir då, slik Trine ser det, å opne ordet slik at det kan opplevast på nye måtar, og at den som lyttar vert råka i sitt indre.

«Bønene, liturgien og særlig tekstene har eit slikt innhald,» seier Trine, «dei gjer noko med ein, dei er eit slags levande materiale. Dersom ein er villig til å opne seg for dei, kan ein kome til å merke at noko kjem til å «gro» i ein, på ein måte.»

Skodespelarar som arbeider med stykke tekne frå Skrifta, inspirert av - eller i dialog med dei, snakkar om ei endring etterpå. Tenk berre på vår eigen Svein Tindberg med sine teaterstykke frå Bibelen t. d. «Abrahams barn», og den danske TV-serien «Herrens veje». Han som spelar presten Johannes Krogh, hovudpersonen, har t.d. late seg døype i etterkant.

Dette med vandringa som då kan oppstå, har Trine stor respekt for, og minnest eit seminar «Kyrkje og teater» på Det norske teatret sist på åttitallet, medan ho var kateket. Ved eit høve sat ho attmed Alf Malland og hugsar ein kommentar han kom med: «Kristen er ikkje noko ein er, det er noko ein blir, det.»



Pascal sa forresten noko av det same på sin måte: «Hjarta har sine grunnar som forstanden ikkje forstår.» Det er så lett å tru at ein skal gripe trua med forstanden, men det blir kanskje feil «organ»...

Her vi sit, kjem vi og inn på at vi har mykje å takke kyrkja for. Opp gjennom tidene har kyrkja knytt til seg ymse slags kunstnarar; målarar har pryda altartavler, veger og tak med bilete, og komponistar har fylt rommet med musikk; mektige kor-, orkester og orgelkomposisjonar som vi framleis har glede av. Dette saman med Guds ord skulle leie kyrkjelyden eit steg nærmare guddommen.

På dette grunnlaget ynskjer Trine å formidle tekstene, få fram meiningsa i dei og gje ein skimt av noko som går ut over det daglegdagse – i ein inkluderande stil og i godt samarbeid med den gode presten vår.

«Ja, det er mykje vi har å takke for og ta vare på i kyrkja,» seier vi til kvarandre. Enno finst det folk som veit og kan trekkje linene attende, folk som ser at kulturen vår er tufta på dette. Trine som elskar sitat og tillet seg å vera litt bekymra for framtida i så måte, har eit som passar her og: «Ein kan ikkje klage på at ting forsvinn, så lenge ein sjølv er ein del av tilinkjesgjeringa.»

«Det er sunt å ville endre seg,» seier Trine. «Vi er mange som søker her i Vestre Slidre, som i den store verda.

Alle så lengtar vi, men veit ikkje heilt etter kva. Augustin for sin del har funne eit slags svar til oss i setninga om uroa han kjende på: «Du har skapt oss til Deg og hjartet vårt er uroleg til det finn kvile i Deg.»

Eit sterkt framtidsynskje for kyrkjelyden kjem Trine med til slutt: «Tenk om vi kunne skape samtale- og/eller formidlingsgrupper om tvil og tru, med ulike tema og gjester, der folk får lyst til å møtast omkring slike spørsmål, fylge lengselen sin utan å spørja seg om kva grannen tenkjer og trur om den saka!?! Tenk om det er om oss her i Vestre Slidre det står om i Skrifta: «De skal ikkje minnast dei første ting, ikkje tenke på det som hende før: «Sjå, eg gjer noko nytt. No spirer det fram. Merkar de det ikkje?»

«Eg kjem til å sakne alt dette,» seier Trine og nyttar høvet til å takke ein spanande og dyktig stab, for eit godt samarbeid med sokne- og fellesråd og for kyrkjebladet som berre blir betre og betre! Ho legg raskt til at ho kan stille som vikar frå tid til annan, men at det nok skal bli godt å få fri i dei store høgtidene med tanke på familie som bur



langt unna og som ein ynskjer meir tid til ved slike høve.
– Og så held ho fram i kjent stil:

«Vågar vi her i Vestre Slidre å gå i oss sjølve og leite, ikkje berre etter julenissen, men også etter Jesusbarnet? Og veit vi eigentleg skilnaden?»

Ei småjente ho har hørt om svara slik på dette: «Julenissen spør berre etter dei snille, Jesus går til alle, han.» Ja, kanskje må vi alle gå i oss sjølve og tenkje at det handlar om vilje til å opne seg for noko nytt som eigentleg er veldig gamalt?» spør Trine.

Kan hende det kan vera nyttig å smile i skjegget saman med ein av Nordens viktigaste kristne vegleiarar, Wilfred Stinissen: «Bara ordet «Guddommeliggjørelse» kan fort bli for mycket før en vanlig «nisse»!?!» Akk ja...

Vi vil takke Trine for innsatsen ho har gjort for Slidre sokn og måten ho har fylt rolla som klokkar på, levande engasjert som ho er og full av idear og sitat(!). Sikkert er det at ho vil bli sakna, og det skal noko til å fylle rommet etter henne. «Den neste klokkaren må fylle det på sin eigen måte, i tillit til leiarskapet,» seier ho til slutt.



Nytillsett kyrkjetenar

Den 1. november blei Josue Tchami Ndonko tilsett som kyrkjetenar i Slidredomen. Han er opprinnlegeleg frå Etiopia og har budd i Norge i mange år. Han er gift med Karianne, og dei er no busette i Røn. Josue er mekanikar og er engasjert i Valdres FK som hjelpetrenar. Han har vore engasjert i kyrkja i Etiopia i mange år, både som kyrkjegjengjar og korsongar. Vi er glade for å ha fått Josue som kollega!



Ved gudstenesta 23.oktober vart Josue ønskt velkommen med blomster av kyrkjeverje Veslemøy.

Ein mannsalder i teneste for kyrkja – Odd Arne Kolbjørnshus

«Det er viktig å få sagt at eg har eit spesielt forhold til Slidredomen. Kyrkja har alltid vore ein naturleg og stor del av livet mitt».

Dette startar Odd med då vi skal ta ein prat om tida som ringar og kyrkjetenar i høve at han no sluttar i tenesta.

«Då eg var liten gut, minnest eg vi sto på låvebrua heime på Hamre og lydde til kykjklokkena som ringde jula inn. Då sette bestefar Andris opp fuglebandet og det var høgtid.» Odd fortel at dei syntest Slidredomen låg nært der rett på andre sida av fjorden. Det var snøgt over isen om vinteren eller med båt i sommarhalvåret.

Allereie som tolvåring fekk Odd fast oppdrag av Per Juvkam å vera roar når presten skulle over på vestsida. Presten berre ringde når han trengde båtskyss, og guten rodde, stolt og nøgd over å vera til nytte for presten. Kring konfirmasjonsalderen vart det stas å få vera med gamlekarane og ringe med kykjklokkena. Odd beskriv dette som ei spanande og morosam lærerid og var med så ofte råd var.

Det var bruk for sterke armar til å dra dei tunge klokkena i stupulen. Ved høgtider vart det ringt med dei fire gamle klokkena i tårnet i tillegg til dei to i stupulen, og då trongst seks mann til jobben.

Odd seier at styrke er ikkje nok til at klokkena kling som dei skal. Det er kanskje like mykje teknikk og i tillegg litt finkjensle og musicalitet for å få klokkena til å «synge og gråte». Dette siste vert sagt forsiktig og audmjukt og han viser til spelemannen Ola i Hamrisbrøta, som og var kjend for å vera ein dugande ringar.

Frå midten av 1970-talet vart Odd knytt fastare til ringarjobben i Slidredomen, og han er vorten i tenesta over tretti år. Han seier det gikk greit å kombinere denne oppgåva med jobb på garden og seinare i kommunen. Men dei siste åra merka han at armane ikkje lenger hadde godt av å handtere dei tunge klokkena. Han gikk difor over i stillinga som kyrkjetenar då den vart ledig i 2010.

Som ringar og kyrkjetenar har han vore ein del av kyrkjestaben, noko han opplevde som fint og lærerikt. Han hadde vore medlem av soknerådet i fire perioder, men i



stabben fekk han meir innsikt i og forståing av kyrkja sitt indre liv og alle oppgåvene som skulle utførast. Odd understrekar at samarbeidet og kjensla av å høre til i stabben er noko han verkeleg har sett pris på!

No skal han pensjonere seg etter lang og tru teneste for kyrkja, i ein alder av 78 år.

«Eg ser attende på ei fin tid og oppgåver eg har trivdest med. Det har vore eit godt og givande liv! No treng eg ikkje lenger stille opp alle helger og høgtider, men eg vil vera knytt til kyrkja frametter, om enn på ein annan måte. Slidredomen vil uansett alltid vera heilt spesiell for meg», avsluttar Odd.

Som avskjed ringer han med kykjklokka dei har installert i stabburstårnet heime på Braka!



Avslutningsgudsteneste for Trine og Odd 23.oktober. Gåve frå stabben varma godt.

Tårnagentane synest det er moro å vere med Odd i klokketårnet.

rØyst gjestar Slidredomen



Onsdag 19. desember kl 19.30 får Slidredomen besøk frå nabobygda. Øystre Slidre sanglag, med dirigent Are Alund, vil halde ein tradisjonell julekonsert i kyrkja vår. Koret avsluttar julekonsertane sitt 125-årsjubileum, men har trass dette knapt hatt konsertar i Vestre Slidre tidlegare. rØyst vil fylle Slidredomen med julemusikk både frå det velkjende julerepertoaret og med klassiske korverk som på ulikt vis har tilknytning til jula. Dei vil mellom anna framføre eit korverk som er basert på ein folketone frå Valdres, *Et barn er født i Bethlehem*, og det velkjente *Hallelujakoret*. Med seg har koret også ein solistkvartett som består av Gyda Grøndalen Hoffmann, Kristina Gyllensvård, Syver Hegge Blomlie og Lars Jørgen Hovda, og Monica Solberg vil bidra på orgel.

Vel møtt til ei stemningsfull førjulsstund i kyrkja!

Utdeling av 4-årsbok

Søndag 2.desember var det nokon spente 4-åringar som møtte til gudsteneste i Røn kyrkje. Dei var spesielt inviterte til å motta 4-årsboka som blir delt ut kvart år. Det var første søndag i advent, og snøfillene ute var ei flott ramme rundt byrjinga på advent. Inne var lyskransen på plass, og det første lyset blei tent.



Anine Thon, Oda Hansegården, Odin Nymoen og Jørgen Opheim mottok 4-årsboka.



Ola Kvamme Nygard tente det første adventslyset.



Prest Ola Døhl preika om kongen som blei fødd i Betlehem, og om kor annleis han var enn andre kongar. Ola hadde på seg kongeklede og krone og delte ut gullmyntar med sjokolade inni, til fryd for alle borna som var til stades, før han igjen sto i vanleg prestekappe og fortalte om Jesus som konge.

Hausttakkefest i Lomen kyrkje

23. september var det hausttakkefest, sundagsskulens dag og utdeling av 6-årsbok i Lomen kyrkje. Alle borna som kom til messe var med og gikk i prosesjon inn i kyrkja, dei bar med seg haustens grøde og fylte opp eit trau som stod ved alteret med frukt og grønsaker. Ola fekk også med seg alle borna i eit kor, og dei song med høg røyst: «Kven har skapt alle ... jo Gud i himmelen». Etter messa kosa alle seg med kyrkjekaffe.



TV-aksjonen for 2018

var tildelt Kirkens bymisjon. Sokneråda i kommunen vart spesielt oppfordra til å stille med bøsseberarar.

Mindre alene sammen

heiter årets TV-aksjon, og gjennom den vil ein skape eit varmare og meir inkluderande samfunn. Pengane som vert samla inn skal skape møte mellom menneske. Det er mange måtar å vere utanfor på, frå å stå utanfor velferdsstatens rettigheter og mangle seng å sove i, til å vere utanfor arbeidsliv, familieliv eller lokalsamfunnets sosiale fellesskap. Det er dei god møta som kan stoppe det vonde utanforskapet. Det er dette TV-aksjonen for Kirkens Bymisjon handlar om – å gå for fleire opne dører og skape møte mellom menneske.

Stikkord for aksjonen er: Kom inn for natta – akutte behov. Kom inn i kvardagslivet – deltaking. Kom inn i samfunnet – inkludering

Trofaste medhjelparar i mange år er Marit Tvenge og




Dorthe Høyme. Marit stod på kjøkkenet som så mange gonger før og steikte vaflar, og dei serverte kaffe, saft og vaflar då bøsseberarane kom tilbake, noko alle set stor pris på. Dei kosa seg og fekk ein god prat – fellesskap og hygge, deltaking og inkludering – dagen vart som han skulle vera. Spesielt hyggeleg var det at så mange barn og unge var med denne dagen – det lover godt for framtida.

Lise Kopperud, leiaren for frivillighetssentralen, hadde fått bøsseberarar nok til å dekke alle dei 38 rodene i kommunen denne søndag 21. oktober. Dei som skulle dele ut bøsser, roder og ymse utstyr hadde nok å gjere då dei fleste bøsseberarane møtte opp til same tid og var veldig ivrige etter å kome i gang. Det er ikkje så godt å vite kvar rodene er, og kvar dei byrjar og sluttar, særleg ikkje for dei som ikkje hadde gått rutene før. Heldigvis var det fleire av bøsseberarane som kunne hjelpe kvarandre, og dei fleste husstandar i kommunen vart besøkte, og det er ingen sak når givergleda er så stor at når nokon opplever at ingen bankar på den dagen, så oppsøkjer dei bøssene sjølve – slik ein gjorde. Men det var også mange som ikkje var heime denne dagen, dei fekk lapp på døra og kunne vippse.

Det er utarbeidd nye rodebeskrivelser med veg og gate-nummer, men dei vart dessverre ikkje tatt i bruk, dei må fram til neste år.



Ivrig bøsseberarar klare til å setje i gang, t.v. Lise Kopperud, bak Ingrid Øye og Tina Drøse foran Edel Halle i midten med Åsne og Vilde Hovda, t.h. Dorthe M. Høyme.



OKSEN OG ESELET

Rundt det 4. århundre kom jula for alvor inn i den kristne bildekunsten. Etter kvart kom enkelte faste symbolske trekk inn, og til dei hører oksen og eselet. Desse to dyra skal gjera det levande for den som ser på at Jesus er fødd i ein stall og ligg i ei krubbe. Ved hjelp av dyra veit ein straks kor ein er, og ikkje nok med det – oksen viser at han kjenner sin herre, og eselet forstår kven som ligg i krubba ved at dei både to bøyer seg høvisk for barnet.

Ut frå dette gjekk så symbolikken vidare: oksen blir brukt som bilde på den jødiske nasjonen, medan eselet representerer heidningane...

Konsert for Mustamäe i Valdres

Misjonsforeningen i Øystre og Vestre Sildre ville gjøre noe for kirkebyggingen i Mustamäe i Estland. Kanskje en konsert i en av kirkene kunne være noe. De spurte tre søstre, Marit Ingeborg, Sigrid Andrine og Maria Lill Garvik, 13, 16 og 18 år, om de ville bli med. De spiller cello, bratsj og fiolin. De svarte ja, og det viste seg at deres mor, Külle, var fra Mustamäe. Stort bedre kunne det ikke bli.

Konserten ble holdt søndag 14. oktober i Lomen kirke. Til innledning ble det tent et lys for Mustamäe. Det lyste i det østre vinduet av kirken under konserten. Samtidig var det gjort avtale om at de i Mustamäe skulle tenne et lys for Valdres i sin kirke. På denne måten ble det en lysbro mellom menighetene.



Joan Homme har vore leiaren i arbeidet med å få til denne konserten.



Kyrkja i Mustamäe tente lys samtidig som det var konsert i Lomen kirke.

En stor forsamlingsflok fikk en aldeles nydelig konsert av de tre søstrene. De har fått undervisning på Barath Due og Musikkhøgskolen, og i høstferien var to av dem i Bremen for å delta i en internasjonal ungdomssymfoni. De spilte klassiske perler, noe litt mer pop-preget, og det var også lagt inn sang og pianospill.

I pausen midt i konserten fortalte Arnfinn Bjørgen, frivillig medarbeider i NMS, litt om kirkebyggingen i Mustamäe og arbeidet i



menigheten. Det er å håpe at menighetene i Valdres nå vil inngå misjonsavtale med NMS om dette prosjektet.

Misjonsforeningen kunne glede seg over at med 65 betalende publikummere, så ble det et ikke ubetydelig beløp til kirken i Mustamäe.

Arnfinn Bjørgen

Konsert i Lomen kirke, 24. oktober

Program

J. Pachelbel, Canon in D Major	A. Vivaldi, Dobbelkonsert
O. Bull, Seterjentens Søndag	H. Arlen, Somewhere Over the Rainbow fra <i>Trollmannen fra Oz</i>
W. Grieg, Solveigs Sang	H. Shore, In Dreams fra <i>Ringenes Herre</i>
S. Nyhus, Bergrosa	E. Morricone, Gabriel's Oboe fra <i>the Mission</i>
J.S. Bach, Preludie Suite 1	J. Brahms, Ungarsk Dans
A. Piazzolla, Milonga del Angel	L. v. Beethoven, Måneskinssonaten
Astrid S., Perfekt	E. Elgar, Sallut d'Amor
Orientering om prosjektet ved Arnfinn Bjørgen	R. Valgre, Saaremaa Valss

Dei tre heilage kongane



I Markusevangeliet vert det fortalt om nokre vismenn frå Austerland som kom til Betlehem for å tilbe ein jødisk konge som var fødd. I den gamle kyrkjelege tradisjonen skal desse vismennene ha vore kongar, tre i talet. I Skrifta er det og nemnd tre gåver, gull røykjelse og myrra. Med så flotte gåver er grunn til å tru at det stod fyrtar bak.

Legenda vissste til og med namnet på desse «kongane»: Caspar, som var konge i Persia hadde med seg myrra, Melchior, konge i Nubia, kom med røykjelse og Balthasar, kongen åt morianarane gav gáve i gull.

Desse tre gáven har fått symbolsk verdi; dei skulle spå om Kristi verk, frå gammalt sett under eit tredobbelts synspunkt - kongeleg, prestelag og profetisk. Gullet skulle sjølv sagt minne om kongen. Røykjelsen, tegnet som peikte mot bønene til dei truande, fortalte om Jesu prestelege funksjon; sjelenes store yppersteprest, han ofra seg sjølv og gjekk i forbøn for oss. Myrraen peikte på det profetiske og Jesu død, for den vart bruk til balsamering av lik.

Adventskonsert i Slidredomen

Det skein i tende lys og blanke messinginstrument fyrste sundag i advent då Røn musikklag sette tonen med gledesbodskapen « Joy to the world». Saman med Vestre Slidre songlag og Sør-Aurdalkoret skapte dei varme og julestemning i kyrkja.

Dei ga oss kjende og kjære julesongar og meir utradisjonelle arrangement, alt med innleiving og velklang. To unge, nye tilskott til bygdas musikkliv lyst nemnast spesielt: Thomas Immanuel Vatn Weisser fekk fram tonar i orgelet som er sjeldan å høyre, og orgelsoloen «Fantasi over Opp

gledjest alle ...» brusa gjennom begeistra tilhøyrarar. Silje Helland trollbatt publikum med ein mjuk samisk folketone og «Nordnorsk julevise av Trygve Hoff. Høgdepunktet var likevel då ho saman med korps og kor nærmast lyfta kyrkjekoret i Gabriellas sång!

I det heile vekte konserten minner og kjensler og glede i oss, og utøvarane fekk hyppig og stor applaus frå ei fullsett kyrkje. Høgtidssamt vart det då korps spelte, og alle song med i « Deilig er jorden» til avslutning. No stundar det mot jul!



Ledig stilling på kyrkjekontoret!

Kyrkjekontoret har utlyst 50 % stilling som trusopplærar/kyrkjelydsmedarbeider/klokkar. Sjekk ut på Nav eller kommunen sine sider. Du er også velkommen til å ta kontakt med kyrkjeverje på kyrkjekontoret om du har spørsmål!

Gullkonfirmantar

Bak fra venstre

Mona Dalen, Gullik Skrindsrød,
Hans Lindlien, Andris Vidste,
Kari Løvlie Kjelsberg, Liv Berit Kvale,
Aslaug Batalden (f. Dalen).

Foran fra venstre

Inger Bunde (F. Evensen),
Inger Marie Solsten,
Wenche Myrvold Sjerve,
Marit Nyhagen Svanheld.



Besøksvener!

Vi treng fleire besøksvener i kommunen, og sokneråda oppfordrar no deg til å melde deg! Ein besøksven er ein som besøkjer nokon eit par timer ein gong i månaden. Ein kan gjere noko i lag, gå ein tur eller berre drikke kaffe og skravle. Vi treng personar i alle aldrar og med ulike interesser. Hugs på at å gjere noko for andre er både verdi -fullt og gjevande. Er dette noko for deg, ta kontakt med oss på kyrkjekontoret. Vi håpar å høre frå nettopp deg!

Julemarknad i Slidre prestegard

laurdag 1. desember

Det lynte og varma frå buer og bål i prestegarden då vi kom dit klokka to, og veldigheitstreet, der vi kunne legge pakkane, var allereie tent.



Heile prestegarden og heimen til Cecilie og Ola var open for alle, det krydde av store og små, ikkje berre ute, men også inne, der det i ei av stovene var juleverkstad.



Det var mykje å vere med på. Ein kunne skrive juleønsker til nissen og få stempla det på nissepostkontoret, vere med i fotostudio og ri på shetlandspionni og nordlandshest.

I ei av dei andre stovene fekk vi ein prat med familien Finsveen, Martin, Marit med Even på fanget og Per Gunnar. Vi ville høre litt om kva dei har opplevd og likt best på julemarknaden.

– Vi synest det er kjempekoseleg og triveleg å vere her, seier Marit.

Ho fortalte at det som nok hadde gjort størst inntrykk var at dei hadde vore i Betlehem og sett krubba. Martin syntest det var veldig spennande, først litt skummelt, men så fint. Så hadde dei dansa med snømannen, og Even syntest det var stor stas med juleverkstaden og alt glitteret og det fine som dei kunne bruke der.



Liv Knutslien med dottera Ragnhild Sundheim og barne - barnet Eline selde lefser, goro, nøttekyss, kokosmakronar og



kransar. Då vi seinare på dagen fekk nokre ord med Liv, kunne ho fortelje at salet hadde gått strålende. Det vart tomt for alt, og dei hadde fått fleire bestillingar, så dei skulle til med baking att rett over helga. Det beste med heile julemarknaden var den gode stemninga og alle dei hyggelege menneska som kom – dette er heilt fantastisk flott, sa Liv

Vi skulle ønske vi hadde hatt meir plass til å vise alle bodene med sal av flott handverk – det vart kommentert kor



stor kvalitet det var på alt. Ein kunne også få sjå korleis eit handverk vart utført, Knut Olav Dokken og sonen Nils Åsmund viste smedens arbeid. Elles var det alt mogleg godt til å

spise der og da eller ta med seg heim. Unganes favoritt var popcorn – det var også mange som koste seg med brente mandlar.

Det store julestreet vart tent med totusen julelys, barnekoret og Røn musikklag song og spelte julesongar, så viss det var nokon som ikkje hadde fått julestemninga før, så måtte den komme då.

Og så kom St. Nikolas med gåver.

Andre som delte ut gåver var Fosheim sag ved Hege Fosheim. Dei plar kvart år gi til ymse veldedige formål, denne gongen ville dei gi 15000 kr til barne- og ungdomsarbeid i kyrkja, med tanke på alt arbeidet Cecilie og Ola legg ned for barn og unge i bygda, og den varmen og omtanken dei viser for alle gjennom å opne opp prestegarden – det er vi alle så takknemlege for.



Kyrkjebladet treng di støtte!

Kyrkjebladet blir drive på friviljug basis, og vi er avhengige av støtte frå lesarane. 1100 blad blir trykt opp ved kvar utsending. Trykk og utkøyring gjer ein pris på ca 16 kr pr. blad. Annonseinntekter dekker berre ein liten del av denne summen. For å fortsette å lage kyrkjeblad i same omfang og kvalitet treng vi meir støtte frå dykk!

Vi er takksame for alle bidrag.

Kontonr vårt er: **2153.07.09296**

Merk det gjerne med «Kyrkjeblad»

KYRKJELEGE HANDLINGAR

August – november

Døypte	Slidre Sokn:	26.08.2018	Erica Grøtberg Totlandsdal	
		04.11.2018	Birk Leite Stensrud	
	Røn Sokn:	14.10.2018	Peter Jagger Simpson Grønhaug	
Jordfesta	Slidre Sokn:	20.08.2018	Torbjørn Neste	f. 1928
		04.09.2018	Tuang Nuam Khan Hua Hat Zaw	f. 1964
		25.09.2018	Paul Ole Christian Neste	f. 1954
		09.10.2018	Eivind Lahaug	f. 1950
		10.10.2018	Harald Trøyflat	f. 1951
		12.10.2018	Rolf Olav Finneberg	f. 1953
	Røn Sokn:	28.08.2018	Oddvar Opheim	f. 1940
		16.10.2018	Arne Rogndokken	f. 1943
		16.11.2018	Ingebjørg Skogheim	f. 1921
	Lomen sokn:	28.09.2018	Marit Stee Skrindsrud	f. 1927
		30.10.2018	Åge Hovengen	f. 1927

MESSELISTE

Dato	Dag	Tid	Stad	Teneste	Prest	Takkoffer
17.12	Måndag	19.30	Røn kyrkje	Julekonsert med Røn ML og VS songlag	Sokneprest Ola Døhl	
18.12	Tysdag	09.00	Slidredomen	Skulegudsteneste	Sokneprest Ola Døhl	
18.12	Tysdag	10.00	Slidredomen	Skulegudsteneste	Sokneprest Ola Døhl	
19.12	Onsdag	19.30	Slidredomen	Konsert med Øystre Slidre Songlag		
24.12	Julaftan	13.00	Slidreøya	Familiegudsteneste	Sokneprest Ola Døhl	
24.12	Julaftan	14.00	Lomen kyrkje	Familiegudsteneste	Sokneprest Ola Døhl	Leger utan grenser
24.12	Julaftan	15.00	Slidredomen	Familiegudsteneste	Sokneprest Ola Døhl	SOS barnebyar
24.12	Julaftan	16.00	Røn kyrkje	Familiegudsteneste	Sokneprest Ola Døhl	Frelesarmeens Fagernes
25.12	1. Juledag	11.00	Slidredomen	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	Messehagel
26.12	2. Juledag	11.00	Sjukeheimen	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	

JANUAR 2019

01.01	Jesu navnedag	11.00	Øyjar Kapell	Nyttårsdag	Sokneprest Ola Døhl
06.01	Kristi åpenbaringsdag	11.00	Lomen		Sokneprest Ola Døhl
13.01	2.s. i åpenbaringstiden	11.00	Slidredomen		Sokneprest Ola Døhl
20.01	3.s. i åpenbaringstiden	11.00	Røn		Sokneprest Ola Døhl
27.01	FRIHELG				

FEBRUAR

03.02	5.s. i åpenbaringstiden	19.30	Slidredomen	Taize-messe	Sokneprest Ola Døhl
10.02	FRIHELG				
17.02	Såmannsøndag	11.00	Lomen	Søndagsskoleskirenn	Sokneprest Ola Døhl
24.02	Kristi forklarelsesdag	11.00	Røn		Sokneprest Ola Døhl

MARS

03.03	Fastelavenssøndag	11.00	Slidredomen		Sokneprest Ola Døhl
06.03	Askeonsdag	19.30	Øyjar		Sokneprest Ola Døhl
10.03	2. s. i fasten	11.00	Lomen		Vikar
17.03	FRIHELG				
24.03	Maria budskapsdag	11.00	Røn		Sokneprest Ola Døhl
31.03	3. s. i fasten	11.00	Slidredomen		Sokneprest Ola Døhl

APRIL

07.04	FRIHELG				
-------	----------------	--	--	--	--

Vi tek etterhald om endringar. Sjå «Det skjer» i avis Valdres eller www.facebook.com/Kyrkja-i-Vestre-Slidre.

På kvar messe blir det tatt opp takkoffer. Kven som mottek offeret blir opplyst om på gudstenesta.

Stiftinga Torgeir Førs minne

Stiftinga Torgeir Førs minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leifar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja. Søkjane må vere frå Vang eller Vestre Slidre. Søknad kan sendast til: Torgeir Førs minne, Ellestadvegen 34, 2967 Lomen eller e-post: torgeirforsminne@yahoo.no

VIPPS

Hugs at vi har VIPPS! Om du ikkje har med kontantar på ei gudsteneste og ynskjer å gje kollekt, kan du Vippse oss!

VIPPS-nr.: Slidre sokn 109786,
Røn sokn 105863,
Lomen sokn 137884.

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret er ope: måndag til torsdag kl. 09.00 – kl. 15.00

Kyrkjekontoret kan vere stengt i denne tida pga. møte, ferie og anna.

Sokneprest Ola Døhl. Tlf. 61345052 / 48132050 – E-post: slidrepresten@gmail.com

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd


Namn	Tlf.	Jobb
Veslemøy Kvamme	61345095	Kyrkjeverje
vk766@kyrkja.no	95868588	
Thomas Immanuel Vatn Weisser	99495455	Kantor
Heidi Bergsbakken	61345098	Kontorfullmektig
hb552@kyrkja.no	91600644	
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn
Josue Tchami Ndonko	46902865	Kyrkjetenar i Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn, Øyjar og Lomen sokn
		Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel
		Ringjar i Slidre
Jan Ole Bråten	91364677	Reinhaldar i alle sokna
Nils Einar Ormestad	90178983	Ringjar i Slidre
		Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje



*Vi i redaksjonen vil ønske alle
ei god og fredeleg julehøgtid og
eit godt nytt år*

Med helsing

Sigrun Sørengen, Elisabeth Robsam Dahl, Per Olav Eide,
Randi Øraker Horge, Lisbet Vik



Servering og hytteutleie på Vaset, Apent hele dret.
Bestill solskap, bryllup, kurs m.m hos oss!
Vi skreddersyr etter deres ønsker!
Velkommen!



Bjørn Ingar Vistehagen

LASTEBILTRANSPORT

Telefon 99 23 55 75



Gjensidige
Valdres



Vestre Slidre kommune
Heilt naturleg - ekta vare